

# KULTURMINNEPLAN FOR FJALER 2019–2023



*Steingard på Arstein*

## ***Steingjerda***

*Det var steingjerda  
som batt verden  
saman*

*strake band frå elva  
til fjellet  
varme å sitje på  
i sommarkvelden*

*steinene kila inn  
mot kvarandre  
med uendeleg tolmod:  
tid og nevar*

*slåtteteigane tett inn til gjerdet  
fullmogne og klare for ljåen  
tykk eng mot stein:  
slik fekk vi først sjå  
at det er mogeleg  
å forandre verden*

*dei gamle slo kvart einaste strå  
og raka vel etter seg  
etterpå kvilte dei  
studde seg mot steinen  
som ryggen til ein gamal ven*

*ennå er dei der  
over steinlinjene i landskapet  
hender  
usynlege i lufta  
som vengeslag  
om du vågar nærme deg*

*dette er slitets steinar  
dette er historiens skrift*

*Paal-Helge Hauge*

# KULTURMINNEPLAN FOR FJALER 2019–2023

## Innhald

Føreord	3
DEL 1 – BAKGRUNN FOR PLANEN	4
1.1 Definisjonar og lovgrunnlag	4
1.2 Bakgrunn for planarbeidet	6
1.3 Tidlegare kulturminnearbeid i Fjaler	7
DEL 2 – OVERSYN OVER KULTURMINNA	10
2.1 Kort oversyn over Fjaler si historie	10
2.2 Kulturminne frå før reformasjonen (automatisk freda)	13
2.2.1 Buplassar og aktivitetsområde	13
2.2.2 Gravminne	14
2.2.3 Jordfunn	15
2.2.4 Religiøse kulturminne	16
2.2.5 Immaterielle kulturminne	17
2.3 Kulturminne frå nyare tid	19
2.3.1 Religiøse kulturminne	19
2.3.2 Kulturminne knytt til embetsstand, elite og kulturpersonar	21
2.3.3 Industrielle aktivitetsspor og bygningar	24
2.3.4 Landbruk, kulturlandskap og gardsbygningar	25
2.3.5 Vegar og stiar	27
2.3.6 Kraftstasjonar og elektrisitet	28
2.3.7 Maritime kulturminne	28
2.3.8 Skular og skulehistorie	30
2.3.9 Andre samfunnsmessige fellesbygg	32
2.3.10 Andre verdskrigen	33
2.3.11 Minnesmerke	33
2.3.12 Arkiv og fotografi	34
2.3.13 Immaterielle kulturminne	34
DEL 3 – HANDLINGSDEL	36
3.1 Mål	36
3.2 Planperiode	36
3.3 Ressursar til arbeidet	36
3.4 Prioritering av kulturminne	37
3.4.1 Fornminne	37
3.4.2 Særprega bygningsmiljø	37
3.4.3 Industrihistorie	37
3.4.4 Samferdsle og kommunikasjonar	37
3.5 Tiltak	38
Kjelder	39
Register	40

## Føreord

Kulturminna våre er bitar i det store puslespelet som utgjer historia vår. Dei er såleis viktige byggjesteinar for identiteten vår og oppfatninga av kvar vi kjem frå. Fortidas kulturminne er med oss i notida og gjev oss grunnlag for å byggje samfunnet i framtida.

Kulturminneplanen skal vere eit verktøy for forvaltninga av kulturminna i Fjaler kommune. Han vil vere eit hjelpemiddel til å prioritere mellom dei mange forskjellige kulturminna vi har frå ulike historiske periodar. Ei anna viktig side ved planen er å kartlegge og formidle kunnskap om kulturminna våre. For å få til dette er vi heilt avhengige av hjelp og friviljug innsats. Det er dei som bur i bygdene våre, som må ta det største taket for å få fram i lyset det som er verdt å ta vare på for ettertida.

Denne kulturminneplanen gjev ikkje noko særskilt juridisk vern for kommunal eller privat eigedom. Planen legg derimot opp til at enkeltpersonar, organisasjonar og andre som arbeider med kulturminne i Fjaler kommune, lettare skal kunne få tilgang til støtteordningar og midlar, og ikkje minst til rettleiing i bruk og vedlikehald. Å vere nemnt i planen vil vere ein fordel til dømes i søknadsprosessar opp mot Kulturminnefondet og andre tilskotordningar.

Dette er den første kulturminneplanen for Fjaler kommune som omfattar alle typar kulturminne, men han er langt i frå starten på kulturminnearbeidet i kommunen. Det er gjort mykje godt arbeid gjennom mange år allereie, noko som er kortfatta summert opp i planen. Å arbeide med kulturminne er ein kontinuerleg prosess, og det er eit ønskje at denne planen kan vere til hjelp og framskuv for dette arbeidet. Planen vil sette temaet på den politiske dagsorden og gjere kulturminnearbeidet til ein naturleg del av kommunen si verksemd. Planen er ein temaplan som ikkje skal behandlast etter reglane i plan- og bygningslova. Det er likevel meininga at kulturminneplanen skal vise veg for det vidare arbeidet med kulturminne når det gjeld kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Det blir lagt opp til ei evaluering og eventuell vidareføring av planen innan fire år.

Det er landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler som har hatt ansvaret for planprosessen og utarbeiding av planen, med Geir Grytøyra og Liv Synnøve Andersen som sakshandsamarar. Teksten i planen er utarbeidd av Gaute Losnegård, som også har teke dei fleste bileta. Hjørdis Åsnes, Stig Nordrumshaugen, Hans Stav, Reidar Langeland og Ove-Jan Skaar har delteke i ei arbeidsgruppe som har jobba med planen.

Med ønskje om god lesnad

Bente Nesse  
rådmann

Geir Grytøyra  
kommunalsjef landbruk

## DEL 1 – BAKGRUNN FOR PLANEN

### 1.1 Definisjonar og lovgrunnlag

Lov om kulturminner har følgjande føremål (§ 1):

*Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.*

*Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.*

*Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål.*

Kulturminne og kulturmiljø blir i Lov om kulturminner § 2 definert på denne måten:

*Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*

*Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.*



*Fagervik, eit av herskaphusa på Tysselandet*





*Steinmura naust på Folkestad*

Lov om kulturminner gjev føresegner om automatisk freda kulturminne, lause kulturminne, og skipsfunn og fartøyvern. Faste kulturminne (buplassar, bygningar, spor etter åkerbruk, bergkunst, gravminne m. m.) frå oldtid eller mellomalder (fram til år 1537) er automatisk freda, det same gjeld ståande bygningar frå før 1650 og samiske kulturminne frå før 1917. Ikring automatisk freda kulturminne er det ei 5 meter brei sikringssone. Også kulturminne frå nyare tid kan få vedtak om freding i medhald av lov om kulturminner.

Inngrep i automatisk freda kulturminne må berre utførast etter løyve frå ansvarleg styresmakt. Det er høve til å nytte marka over eit automatisk freda kulturminne som beite eller innmark, dersom dette har skjedd tidlegare, men ein må ikkje utføre pløying eller anna jordarbeid djupare enn tidlegare utan særskilt løyve. Utgifter til gransking av automatisk freda kulturminne fell på tiltakshavaren, men ved mindre private tiltak skal staten dekke utgiftene dersom desse blir urimeleg tyngande for tiltakshavaren.

Staten har eigedomsretten til lause kulturminne (våpen, reiskapar, bygningsrestar, skjelett, arkiv m. m.) eldre enn 1537 som kjem for dagen tilfeldig, ved funn, utgravingar eller på annan måte. Denne eigedomsretten gjeld også myntar frå før 1650, samiske kulturminne frå før 1917 og gamle båtar, skipsskrog o. l. som er meir enn 100 år gamle. Funn av lause kulturminne skal snarast mogleg meldast inn til ansvarleg styresmakt.

Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å gje kulturminne eit juridisk vern. Mange kulturminne, også frå nyare tid, vert verna gjennom bruk av omsynssone i medhald av plan- og bygningslova, slik også i Fjaler. Ei rekkje omsynssoner er innarbeidd i arealdelen av kommuneplanen og desse er omtalt under dei aktuelle kapitla i denne kulturminneplanen. Begge kyrkjene i Fjaler har status som listeførte. Dette er dei kulturhistorisk mest verneverdige kyrkjene frå tida etter 1649. I tillegg er ei rekkje andre bygg i kommunen knytt til religion, verdfulle kulturminne. Omsynet til kyrkjene sin kulturhistoriske verdi vert regulert gjennom *rundskriv nr. T-3/00: Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*.



*Bakkejekta til kai ved Jensbua.*

## **1.2 Bakgrunn for planarbeidet**

Gjennom handsaminga av stortingsmelding nr. 16 (2004–2005) gav Stortinget si tilslutning til desse strategiske måla innan bruk og vern av kulturminne:

*Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping.*

*Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv.*

Målet med satsinga på lokale kulturminneplanar er å styrke kommunane si operative rolle på kulturminnefeltet. Satsinga er ei oppfølging av det nasjonale satsingsområdet "Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga 2010–2014".

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid, for å styrke kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

*God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner. Kommunedelplaner for kulturminnene er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig øke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune utlyste midlar til utarbeiding av lokale kulturminneplanar og lokalt registreringsarbeid. Fjaler kommunestyre vedtok framlegg

til planprogram for temaplan for kulturminne 23. oktober 2017, og denne låg ute på høyring til 31. desember 2017. I planprogrammet er det lagt opp til fire prioriterte satsingsområde i Fjaler:

- fornminne
- særprega bygningsmiljø
- industrihistorie
- samferdsle og kommunikasjonar

Ei kommunalt utpeika gruppe har arbeidd med kulturminneplanen. Det har blitt arrangert fire folkemøte om planen (Straumsnes, Flekke, Guddal og Dale) og kommunen har teke imot innspel frå ei rekkje privatpersonar. For å setje fokus på formidling, lyste kommunen ut ein konkurranse blant skuleelevane på mellomtrinnet og ungdomstrinnet, som gjekk ut på å lage den beste videoen om eitt eller fleire kulturminne for publisering på sosiale media. Konkurransen fekk god oppslutning og vart løna med premie. Videoane kan ein sjå på følgjande nettstad:

<https://www.youtube.com/channel/UCOjR1kiKMPtig74scHrxRRA>

### **1.3 Tidlegare kulturminnearbeid i Fjaler**

Registrering av faste kulturminne i Fjaler kommune strekkjer seg heilt tilbake til 1600-talet. I 1626 vart Korssundkrossen vitskapleg utforska og teikna av studenten Jon Skonvig. I nyare tid har krossen blitt utforska av mellom andre Thorleif Sjøvold og Fridtjov Birkeli. På 1800-talet dreiv W. F. K. Christie og biskop Jacob Neumann utforsking av ymse fortidsminne i Fjaler, det same gjorde forfattaren Gøsta af Gejerstam tidleg på 1900-talet.

Dei førhistoriske kulturminna i Fjaler blei først systematisk kartlagde gjennom registreringsarbeidet til Thorleif Sjøvold i 1943. Arkeologen Per Fett følgde opp dette arbeidet og gav i 1957 ut heftet "Fjaler prestegjeld" i serien "Førhistoriske minne i Fjordane". Heftet gjev eit utfyllande oversyn over dei lausfunn og faste kulturminne frå førhistorisk tid som til då var oppdaga i Fjaler.



*Den private gravstaden på Fredensborg*





*Luttane til Jakob Sande i Bestefarsstaua i Klokkargarden.*

Før store areal blei lagt ut til industriområde på Lutelandet på 2000-talet, vart øya omfattande undersøkt av arkeologar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Frå 1970-talet til 1990-talet blei det gjennomført eit større arbeid med registrering av eldre bygningar og andre kulturminne i Noreg. Registreringane blei førte inn i det såkalla SEFRAK-registeret. I Fjaler blei storparten av registreringsarbeidet gjennomført frå 1980-talet og fram til byrjinga av 1990-talet. Innsamlings skjema er i dag skanna og tilgjengeleg på fylkesatlas.no.

Ein viktig bidragsytar til kulturminnearbeidet i Fjaler har vore Fjaler sogelag. Laget blei skipa i 1943, og ein viktig del av arbeidet har vore utgjeving av bygdebøker (D. O. Bakke: Fjaler i gamle dagar (1948), Ragnvald og Magne Fagerheim: Fjaler gards- og ættesoge, tre band, 1976, nytt opplag i 1994 og oppdatert utgåve av Atle Ness i 2003). Laget har også stått for ein del andre utgjevingar, som til dømes Adolph Nitter sine dagbøker, og ikkje minst årlege sogeskrift som har kome sidan 1998.

Fjaler kommune har vore ein viktig medspelar i arbeidet med lokale kulturminne. Kommunen fekk donert Lillingstonheimen etter at den siste i Lillingston-familien som budde der, døydde, og har sidan gjennom mange år halde bygningane i hevd ved hjelp av ymse aktørar før Fortidsminneforeininga overtok eigdommen i 2018. Kommunen har også bidrege til mellom anna oppussinga av den gamle butikken på Leitet, opprustinga av den private gravstaden Fredensborg og til satsinga på Klokkargarden i Dale.

Kulturminnearbeidet i Fjaler kan i nyare tid knytast til ei rekkje privatpersonar og private organisasjonar. Tora Fagerheim samla i si tid saman ei rekkje gjenstandar som i dag er å finne i kjellaren på Fjalerhuset. Dei tidlegare eigarane av Åsnes skifabrikk har samla gamle ski, verkty og anna knytt til produksjonen. Dei disponerer eit rom i fabrikkbygget som i dag er regulert for ombygging til husvære, der det er planar om eit lite skimuseum. Jakob Sande-stiftinga (seinare Jakob Sande-selskapet) overtok Klokkargarden i Dale i 1997. Bestefarsstaua vart restaurert og opna i år 2000, og hyser ei lita Jakob Sande-samling. Løa er bygd om og har frå 2011



vore nytta til ulike tilskipingar (meir om dette under pkt. 2.3.2).

I 2017 blei det opna ei ny kulturløype ved Klokkargarden med fokus på Jakob Sande. Løypa vart etablert i samarbeid med reiselivsorganisasjonen Fjordkysten, og har skilt som viser til kvar ein kan laste ned lyd- og videofiler. Ei liknande kulturløype finst også i Korssundet, og det er planar om å etablere ei ny løype på Tysselandet med fokus på dei gamle kulturmiljøa der.



*Nordisk Kunstnarsenter på Dalsåsen – eit arkitektonisk kulturminne frå nyare tid.*

## DEL 2 – OVERSYN OVER KULTURMINNA

### 2.1 Kort oversyn over Fjaler si historie

Fjaler er ein kommune med ei historie som på mange måtar er typisk for kyst- og fjordstroka på Vestlandet. Dei første menneska kom hit for 10–11 000 år sidan, då isen trekte seg tilbake frå det norske fastlandet. På Lutelandet er det funne spor etter folk som levde som nomadar basert på jakt, fiske og fangst gjennom fleire tusenår.

Fastbuande jordbrukarar byrja å ta over landskapet i yngre steinalder. Landskapet vart kultivert ved at skogane forsvann og blei erstatta med lynghei og grasmark. I bronsealderen tok menneska til å byggje store gravminne over dei avdøde. Ytst i Fjaler finn vi røyser på fleire stader der dei låg godt synlege frå skipsleia, til dømes på Einingsneset og Lammetun.

Gjennom jernalderen auka folketalet og mange nye gardar blei rydda. Samfunnet vart meir lagdelt, med ei organisering i større og mindre høvdingdømme. Området kring Dale er eitt av distrikta på Vestlandet som merkjer seg ut som økonomisk og politisk maktområde både i eldre og yngre jernalder. Her har vore fleire graver med statusgjenstandar, og det har vore uvanleg store gravhaugar her. Mellom anna har ein funne ei "gullurne" og kostbart materiale som glas. Ein annan stormannsgard har lege på Fure. Her er det funne ei rik kvinnegrav frå vikingtida (meir om dette under punkt 2.2.2).

I vikingtida tok folk frå distriktet til å fare over havet for å busetje seg på Vesterhavsoyane. I følgje to versjonar av den islandske Landnámabok kom den første landnåmsmannen på Island, Ingolf Arnarson, frå Dalsfjorden. Samstundes vitnar steinkrossen i Korssundet om tidleg kristen påverknad vestfrå. Utover i mellomalderen vart kyrkja ei viktig samfunnsmakt, og skriftlege kjelder peikar på Dale, Guddal og Åsnes som eldgamle kyrkjestader.



*Krossen i Korssundet*





*Steinmur på Østenstad*

I seinmellomalderen låg mange av gardane i Fjaler aude etter Svartedauden og påfølgjande pestepidemiar, men frå slutten av 1500-talet tok folketalet seg opp att. Folk lengst ute på kysten var fiskarbønder, medan folk i fjordstroka og oppover dalane laut støtte seg mest på jordbruket.

Korssundet vart etablert som handelsstad tidleg på 1600-talet. Seinare kom det mindre gjestgiveri eller øltapperi i Tyssefjæra, på Tross i Dale og i Flekke (Hollen). Bjerga i Dale blei frå 1755 ny prestegard i Ytre Holmedal prestegjeld, og bygda Dale vart utover på 1700- og 1800-talet eit midtpunkt der embetsstand og elite budde. Også Tysse, der sorenskrivar Nils Landmark etablerte seg i 1808, fekk preg av embetsmiljø. Tidlegare hadde Fure vore ein sentral stad. Her var futegard periodevis frå 1570-talet til inn på 1700-talet.

Folketalet i dåverande Fjaler (medrekna Holmedalsområdet og Standnes-Kleppe, men utan det noverande Ytre Fjaler) auka med nesten to tredelar mellom 1801 og 1865. Mot slutten av hundreåret stagnerte folketalsveksten. Mange utvandra til Amerika eller flytte til byane. Samtidig vart jordbruket forbetra og meir effektivt, og folkerørsler som ungdomslags- og fråhaldsrørsla skapte stort politisk engasjement.

Mot slutten av 1800-talet vart det offentlege skulestellet utbygt, men Fjaler hadde også ei rekkje private skular. I 1869 kom Nikka Vonen til Dale, og frå 1871 til 1907 dreiv ho pensjonatskule for jenter på Steia. I denne perioden hadde ho til saman kring 800 elevar, nokre av dei frå utlandet. I 1889 kom Falchs pensjonatskule som var i drift i 80 år. Skuletradisjonen i Fjaler vert i dag vidareført gjennom United World College og Dale vidaregåande skule (meir om skulane under punkt 2.3.2 og 2.3.8).





*Kloggen i Dale, no kontorlokale for Hansen Technologies.*

I 1899 vart det starta produksjon av kloggar og sko i Dale. Ein av grunnleggjarane var Johan Jensen i Holmedal, men frå 1911 vart fabrikk ein del av Rieber-konsernet i Bergen. Dale hadde også fleire tønnefabrikkar, mens Åsnes fekk skifabrikk. I 1922 tok brørne Jonas, Kristian, Kolbjørn og Leif Åsnes til å lage ski for sal i ei gammal sperrestove på heimegarden. Produksjonen flytta inn i den første fabrikkbygningen i 1933. På Grytøyra starta brørne Ola og Bernt Skaar hermetikkproduksjon i 1928.

Dale fekk straum etter at det vart bygt kraftverk ved Hålandsfossen i 1918. Kraftutbygginga nådde dei ytre krinsane til dels mykje seinare, på 1940- og 50-talet.

Den andre verdskrigen med tysk okkupasjon var mest merkbar i Ytre Fjaler (då i Askvoll kommune). Norskekysten var ein del av forsvarslina Atlanterhavsvollen, og det vart bygt festningar på Fureneset og Lammetun. Det var mykje tyske soldatar og russiske krigsfangar i området.

Industriepoken i Fjaler nådde sitt toppunkt i etterkrigstida. Skofabrikk i Dale – A/S Jarl – hadde på det meste 225 tilsette i 1970. Fabrikk stod då for kring 10 % av den samla skoproduksjonen i landet. Skifabrikk på Åsnes brann ned i 1948, men ny fabrikkbygning vart reist og stod ferdig to år seinare. Fabrikk klarte omstillinga frå treski til glasfiberski og kom opp i over 70 tilsette i 1977. Dei produserte då 137 000 skipar i året og 45 % av volumet blei eksportert til USA og Canada. På Grytøyra vart det bygt ny hermetikkfabrikk i 1950.

Mot slutten av 1900-talet og på byrjinga av 2000-talet gjekk det nedover med den tradisjonelle industrien. Hermetikkfabrikken på Grytøyra vart nedlagt i 1984 etter fleire vanskelege år i bransjen. Åsnes skifabrikk gjekk konkurs i 1998, men blei driven vidare av nye eigarar. I 2008 blei produksjonen flytta til Kina og fabrikk på Åsnes vart

nedlagt. Skofabrikken i Dale sleit tungt i konkurranse med utlandet frå tidleg på 1980-talet, og volumet minka. Under skiftande eigarar heldt drifta likevel fram til 2011.


Etter ei regulering i 1990 der den nye kommunegrensa vart trekt langs Dalsfjorden, har folketalet i Fjaler lege omkring eller i underkant av 3000. Arbeidsplassar i jordbruk og tradisjonell industri har vorte erstatta med jobbar i servicesektoren og nye næringar. Dei største private arbeidsplassane i kommunen er programvarebedrifta Hansen Technologies (tidlegare Elis/Enoro) i Dale og Haugland med rehabiliteringssenter og United World College. Sistnemnde skule bidreg til å gje Fjaler eit svært internasjonalt preg. Dei siste åra har det blitt arbeidd med å byggje opp eit nytt industriområde på Lutelandet. I dei ytre delane av kommunen er det også ein del oppdrettsaktivitet.

## 2.2 Kulturminne frå før reformasjonen (automatisk freda)

I databasen *kulturminnesok.no* er det registrert i alt 79 kulturminne i Fjaler kommune som er eldre enn reformasjonen (1536). Desse er automatisk freda etter lov.

### 2.2.1 Buplassar og aktivitetsområde

Tidlegare hadde vi liten kunnskap og få funn knytt til steinalderen i Fjaler kommune. Dette endra seg etter at Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde arkeologiske undersøkingar i forkant av utbygginga av industriområdet på Lutelandet. Under utgravingar på øya i 2008 og 2009 blei det registrert 40 lokalitetar, i all hovudsak buplassar frå eldre og yngre steinalder. Dei to eldste buplassane kan nokolunde sikkert daterast tilbake til den eldste delen av steinalderen (9200–8100 f. Kr.). 14 av lokalitetane er daterte til siste perioden av eldre steinalder (6400–4000 f. Kr), mens 11 er tidfesta til yngre steinalder (4000–1800 f. Kr.). I tillegg vart det oppdaga ei gravrøys frå bronsealderen ved Korssundet og ei røys av uviss alder. Det blei også funne indikasjonar på gardsbusetnad frå yngre jernalder.



Kart over steinalderlokalitetar på Lutelandet, søre delen.

Menneska i eldre steinalder oppheldt seg mykje ved tronge sund der det var gode forhold for fiske. Det har dei også gjort på Lutelandet. Sju av lokalitetane frå denne tida ligg sør på øya i eller ved det som ein gong har vore eit sund mellom Ytstelutvågane og Velevågane. Fem ligg heilt nord på øya og to i vest.

Utover i yngre steinalder skjedde det store strukturelle endringar i samfunnet når det galdt ressursutnytting og levekår. Ein tok til å svi av skogen for å kunne utnytte landskapet til dyrka mark. Det er funne indikasjonar på at dette har skjedd på austsida av Lutelandet, slik at området har blitt opna for beiting og/eller dyrking.

Med innføringa av jordbruk og beitedyr blei stadig fleire menneske bufaste. Samtidig vart opphalda ved fiskeplassane kortare, og funnmaterialet frå slike stader er såleis meir sparsamt frå denne perioden.

Pollendiagram viser at det har føregått korndyrking og beiteaktivitet på austsida av Lutelandet i yngre jernalder. Men buplassane fanst nok heller i område der det var betre vilkår for jordbruk, truleg på fastlandet innanfor Korssundet.

### *2.2.2 Gravminne*

Omkring 1500 f. Kr. tok ein til å byggje store gravhaugar og -røyser over dei døde langs Norskekysten. Ved inngangen til jernalderen (omkring 500 f. Kr.) vart gravminna meir beskjedne. Seinare tok skikken med å byggje rike gravminne seg opp att, og frå byrjinga av vår tidsrekning blei det stadig vanlegare å leggje ting som våpen, arbeidsreiskapar og ulike verdfulle gjenstandar i gravene.

I Fjaler finst det ein del førhistoriske gravrøyser og -haugar, i alt 34 registrerte lokalitetar. Over to tredelar av dei ligg ute på kysten, konsentrerte i nokre område – på Fure og Fureneset, Einingsneset, Vardholmen og langs sunda mellom Lammetun, Lutelandet og fastlandet. Desse gravminna ligg stort sett på stader som er godt synlege frå og med godt utsyn til skipsleia. Til Einingsneset er det lagt til rette med sti og skilting. Gravminna i indre strok ligg meir spreidd. Det finst likevel samlingar av fleire



*Gravhaug på Vardholmen i Lammetusundet.*





gravhaugar på Dingemoen og på Myklebust. I desse områda er det tidlegare gjort funn i nærliggande gravhaugar eller –røyser som ein no må rekne med er borte.

Det er i liten grad knytt funn til dei førhistoriske gravene i Fjaler som er registrerte, og dei fleste manglar såleis eksakt datering. Halvdelen av gravminna er daterte generelt til jernalderen, og ein fjerdedel til bronsealder eller jernalder. To gravrøyser er tidfesta til bronsealder, medan ein av gravhaugane på Fure er datert til eldre jernalder. Ei røys på Hauge skal stamme frå vikingtida.

I nokre av røysene står det eller har det stått bautasteinar. Slike steinar førekjem som gravminne gjennom heile jernalderen fram til kristen tid. Dei kan ha hatt fleire funksjonar: som minnesteinar, markørar av territorium, fysiske manifestasjonar av ulike rettar som blei overførte frå den avdøde, eller som fysiske reaksjonar og markeringar av omveltingar i samfunnet. Frå folkevandringstida og vikingtida kjenner vi mange døme på bautasteinar som er sette opp som minnesteinar. Nokre av steinane har vorte flytta i seinare tid, til dømes bautasteinen som i dag står ved Fjalerhuset. Ingen av steinane i Fjaler har runeinnskrift, og det er heller ikkje vanleg elles på Vestlandet.

### 2.2.3 Jordfunn

Opp gjennom åra er det gjort ei rekkje lausfunn av gjenstandar frå førhistorisk tid i Fjaler. Dei fleste tinga som er registrerte og innleverte finst i samlingane til Bergen Museum. Eit søk i den arkeologiske hovudkatalogen til museet gjev 181 treff på gjenstandar som er funne i Fjaler kommune (innan dagens kommunegrensar).

Av jordfunn frå steinalderen kan nemnast flintfragment, grønsteinsøkser og skaftholøkser. Frå jernalderen er funnrikdommen større med ei mengd reiskapar av jern: sverd, økser, spyd- og pilspissar, sakser, knivar, sigdar og gryter. Blant gjenstandar av andre materiale finn vi perler, leirkar, tekstilfragment, fiskesøkke av bly og kleber, skiferbryne og restar av handkverner (av stein). Fleire stader er det gjort gravfunn frå vikingtida: i Dale, Vassdalen, Hovlandsdal, Bjordal, på Tuland og Fure.



*Perler frå ei jernaldergrav på Fure*

Eit av dei mest særmerkte funna kjem frå ei grav på Fure. Der låg eit beslag av bronse som er irsk og som truleg har vorte innført kring år 800. Grava inneheldt også nokre brotstykke av eit sølvband som truleg har vore eit armband, og totalt 22 perler, derav ei av bronse og to mosaikkperler. Perlene er daterte til merovingertida (ca. 550–800 e. Kr.).

#### *2.2.4 Religiøse kulturminne*

På 900-talet tok kristendommen til å få fotfeste her i landet. Det eldste kulturminnet vi har i Fjaler i tilknytning til den nye trua er steinkrossen som står i Korssundet. Han er nesten fire meter høg og dermed landets lengste. Krossen har hol i skjeringspunktet og kurva mellom armane og stammen går i ein boge, ei form kjend som anglisk. Kjerneområdet for denne krosstypen er Northumbria i England. Korssundkrossen er hogd i granatglimmerskifer og kjem sannsynlegvis frå steinbrota i Hyllestad. Kanskje har han vore eit samlingspunkt der dei heldt gudsteneste.

Også på kyrkjegarden i Guddal finn vi tre mindre steinkrossar med hol mellom krossarmane. Dei har keltisk form og er truleg frå mellomalderen.

Dale og Guddal er gamle kyrkjestader med røter tilbake i mellomalderen. Ingen av kyrkjene som står i dag er frå før reformasjonen, men dei to kyrkjegardane er automatisk freda som mellomalderkyrkjegardar. Det har også stått ei kyrkje på Bakkebø på Åsnes, men denne må vere nedlagt seinast på 1600-talet. Det finst lokale stadnamn som kan vere minne etter denne kyrkja, til dømes Kyrkjeåkeren. Alle dei tre kyrkjene er nemnde i Bergens Kalvskinn, som truleg har opplysningar herifrå området frå ca. 1310–20. Kyrkja i Guddal er også nemnt i ein paveleg rekneskap frå 1327–28. Dale kyrkje har ein døypefont av kleberstein frå mellomalderen. Kyrkjedøra frå mellomalderen finst i Bergen Museum.



*Forside av drakt med kross frå myrkyrkjegarden i Guddal. Foto: Svein Skare, Universitetsmuseet i Bergen.*

I ei myr ved Guddal kyrkje er det funne restar av ein gammal kyrkjegard. Her fann dei ei rekkje kisteplankar, to draktplagg, eit teppe, ein hasselkjepp og ein trekross. I alt vart det registrert 40 graver, både for vaksne og barn. Dei samla dateringane tyder på at gravplassen kan ha vore i bruk frå 1000-talet til siste halvdel av 1200-talet, kanskje noko lenger. Gravlegging av menneske i myr er eit nokså uvanleg fenomen, og funnet i Guddal er eineståande i Norden.

#### *2.2.5 Immaterielle kulturminne*

Forutan dei materielle kulturminna finst dei ei rekkje kulturminne som lyt reknast til den immaterielle delen av kulturarven frå eldre tid. Blant desse er *stadnamna* viktige. Ulike typar stadnamn kan ofte knytast til ulike periodar med rydding av gardar, sjølv om ein skal vere varsam med å overføre generelle dateringar til lokalsamfunna.

Til dei aller eldste stadnamna reknar vi dei usamansette naturnamna i ubunden form, som Skor, Holt, Strand og Stav. Ein del av dei usamansette gardsnamna har halde på gamle kasusformer, slik at dativforma har vorte ståande. Dette gjeld Våge, Fure, Lone, Hauge, Tysse, Elde, Dale, Berge, Åse, Øye, Flekke og Boge. Vidare har vi ei rekkje



usamansette namn i bunden form, som helst vert rekna for å vere yngre enn dei i ubunden form: Eina, Eika, Øyna, Steia, Bjerga, Haugen, Noven og Engja.

Dei samansette namna deler ein gjerne inn i ulike namneklassar som det til ein viss grad let seg gjere å tidfeste. Gardsnamn som endar på -heim (Bortheim, Solheim og Heggheim) høyrer stort sett heime i dei første fem–seks hundreåra av vår tidsrekning, mens namn som endar på -land (Hovland, Sletteland, Håland, Loneland, Langeland og Tuland), -stad (Holstad, Folkestad, Nistad, Østenstad, Jarstad, Herstad, Kalstad og Yndestad) og -set (Furset, Torset, Løset, Steinset) er yngre.

Eit oversyn over gardsnamna i Fjaler finst i O. Ryghs *Norske Gaardnavne* (tilgjengeleg på [www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)). Dei kan også finnast med tolking og daglegtale i *Fjaler. Gards- og ættesoge*. Det finst ein eigen utgjeven katalog over stadnamna i Fjaler. Namna er også tilgjengelege på digitale kart ([www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)). Jofrid Holter har skrivne ei hovudoppgåve om stadnamn frå Fjaler der ho har granska namnetilfanget på gardsnumra 25 til 39.

Omkring 36 av gardsnamna i Fjaler er nemnde i Bergens Kalvskinn og ymse andre mellomalderdokument. Men Fjaler og Fjalafylket er også omtala i annan eldre litteratur. Den islandske Landnámabok knyter Ingolf Arnarson til området. I to versjonar av boka heiter det at bestefedrane til Ingolf og fosterbroren Leif busette seg i "Dalsfirdi æ Fiolum" – Dalsfjorden i Fjaler. Dei norrøne bokskrivarane i høg mellomalderen reknar ofte opp Fjaler for seg ved sidan av Sogn i sør og Fjordane i nord, og det kan difor tenkjast at området mellom Buefjorden og Stavfjorden med tilhøyrande fjord- og fjelldistrikt har vore eit eige hovdingdømme på 800- og 900-talet.



*Våningshus på Fuglevatn, ein fråflytta gard ved Gyttavatnet. Garden er nemnt i Bergens Kalvskinn frå omkring 1350, og høyrde då til kyrkja i Holmedal.*

## 2.3 Nyare tids kulturminne

I SEFRAK-registeret (*SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner*) kan ein finne i alt 1231 objekt frå Fjaler kommune. Dei fleste er bygningar eller bygningsruinar frå tida etter reformasjonen og er ikkje automatisk freda. Forutan SEFRAK-objekta finn vi ei rekkje bygningar og andre kulturminne frå nyare tid som ikkje er registrert på nokon måte.

### 2.3.1 Religiøse kulturminne

Som nemnt under punkt 2.2.4 er ingen av kyrkjene i Fjaler eldre enn reformasjonen, men kyrkjegardane i Dale og Guddal er freda som mellomalderkyrkjegardar. I tillegg er myrkyrkjegarden ved Guddal kyrkje freda, medan den tidlegare kyrkjeplassen på Åsnes har uavklart status.

Dale kyrkje er frå 1864. Ho erstatta då ei tømmerkyrkje som skal ha vorte reist ikring 1600. Den noverande kyrkja er ei langkyrkje med 550 sitjeplassar og altertavle teikna av Anders Askevold. Den gamle altartavla frå ca. 1620 heng på kortveggen framme i kyrkjeskipet. Som før nemnt er døypefonten av kleber frå mellomalderen. Kyrkjeklokkene er frå 1594 og 1850. Kyrkja er listeført (jamfør punkt 1.1).



*Dale kyrkje*





*Guddal kyrkje*

Guddal kyrkje er ei lita langkyrkje med 135 sitjeplassar. Ho vart bygt i 1870, men mykje av materialane er frå den eldre kyrkja frå 1686. Byggjearbeidet i 1870 var såleis i stor grad ei ombygging. Kyrkja vart endra ein del i samband med 100-årsjubileet i 1970, blant anna vart kyrkjeebenkene skifta ut og det vart lagt ståande panel på veggene. Altartavla er frå 1870 og kyrkjeklokka frå 1904. Også denne kyrkja er listeført.

Ved sidan av dei to kyrkjene finst det to bedehus i Fjaler, på Folkestad og Hellevik. Kapellet på Folkestad vart først reist som bedehus i 1913. Det vart sidan påbygt og så vigsla til kyrkjeleg bruk i 1940. Kapellet på Hellevik er bygt i 1978 med frittstående klokketårn. Forutan kyrkjene og kapella finst det eit bedehus på Hovland i Flekke. Tidlegare vart også det gamle skulehuset i Tyssedal nytta som bedehus. Om den private gravstaden Fredensborg, sjå under punkt 2.3.2.







*Vonenhuset i Dale*


### *2.3.2 Kulturminne knytt til embetsstand, elite og kulturpersonar*

I Dale, på Haugland og i Tysse/Leitet-området finst det ei rekkje kulturminne, først og fremst bygningar, som kan knytast til embetsfamiliar, skule- og kulturfolk og annan samfunnselite i tidlegare tider.

Den gamle hovudbygningen på Dale gard, også kalla Vonenhuset, er det einaste vedtaksfreda objektet i Fjaler kommune. Også området rundt bygningen, i hovudsak mot søraust ned til fjorden og elva, er freda. Huset er frå omkring 1600, men er seinare bygt om. Av dei som har budd her kan nemnast oberstløytnant Johan Adam de Rochlenge, som overtok garden Dale i 1691, sorenskrivar Hans Arentz (1731–93) og korpssmed Bertel Vonen (1799–1868). Eigdommen er i privat eige.

Klokkargarden i Dale vart kjøpt til lærargard for Dale sokn i 1862. Garden er barndomsheimen til dikteren Jakob Sande og er eigd av Jakob Sande-selskapet. På Klokkargarden står det fleire hus: Våningshuset, der dei eldste delane er frå 1700-talet, løe, garasje og Bestefarsstaua, ei lita stove frå slutten av 1800-talet. Bestefarsstaua vart restaurert og opna i år 2000, og rommar ei lita Jakob Sande-samling. Selskapet har samarbeidsavtale med Sunnfjord Museum om tilrettelegging av samlinga. Frivillige omvisarar og ungdom i sommarjobb tek i mot grupper og kafégjester og syner dei rundt i samlinga. Bestefarsstaua vert nytta også til konsertar, formidling og møte. Løa er ombygt og har frå 2011 vore nytta til tilskipingar, utstillingar, konsertar og utleige til feiring og markering av ulike slag. Våningshuset vart tidlegare nytta til utleige til turistar, men er no blitt diktarresidens (sjå elles meir om dette under pkt. 3.4).

Andre deler av bygningsmiljø i Dale knytt til embets- og kulturfolk av særleg kulturhistorisk interesse omfattar mellom anna gardstunet på Steia, der Nikka Vonen hadde sin jenteskule, den gamle lensmannsgarden på Yksnebjør, prestegarden på Bjerga forutan ei rekkje andre hus i bygda (sjå oversyn på kart neste side). Av prestane som budde i prestegarden kan nemnast Niels Nielsen (1777–1854), som deltok på grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll i 1814.



Kart frå heftet "Kulturvandring i Dale".

Blant dei nyare bygningane av kulturhistorisk og arkitektonisk interesse står kunstnarsenteret på Dalsåsen i ei særstilling. Eigedommen på Dalsåsen vart på 1970-talet stilt til disposisjon for Nordisk Råd av ekteparet Thora og Oddleif Fagerheim. Nordisk Kunstnarsenter vart opna i 1998 (sjå bilde s. 9).

Eigedommen til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter ved Flekkefjorden var tidlegare eigd av høgsterettsadvokat Christian Bekker (1877–1980). Det gamle herskapshuset der han budde står framleis ved sidan av senteret, dette skal vere flytta hit frå Fresvik i Sogn. Her finst også ei gammal sperrestove som skal ha vore brukt som arreststove i den tid lensmannen budde her. Blant andre særmerkte bygningar langs Flekke-vassdraget kan nemnast våningshuset på Hellebost bruk nr. 1, bygd i engelsk stil i 1856. Her kom ofte engelske laksefiskarar og budde om somrane.

Lillingstonheimen på Tysse er ein herregard oppført i empirestil av sorenskrivar Nils Landmark i 1808. Eigedommen vart sidan kjøpt av presten Claude Augustus Lillingston. Han og familien budde her frå slutten av 1800-talet til slutten av 1960-åra og sette sitt preg på eigedommen, der vi blant anna finn eit vakkert hageanlegg og ein allé ned mot sjøen. Lillingstonheimen har dei siste åra vore i kommunal eige, men vart seld til Fortidsminneforeningen i 2018.

I nærmiljøet til Lillingstonheimen ligg parken Fredensborg, med ei privat gravlund som vart anlagt av Landmarkfamilien. Vegen opp til Fredensborg vart restaurert av kommunen tidleg på 1990-talet. Det er parkeringsplass og opplysningstavle der vegen startar. Dette er eit populært turområde.





*Lillingstonheimen*

På Leitet finn vi også den tidlegare doktergarden for Ytre Sunnfjord, sett opp av Lars Stub Heiberg Landmark i 1844. Huset skal vere flytta hit frå Bergen. Her dreiv døtrene Marie og Barbro husstelskule i 1880- og 90-åra. Lenger aust ligg underbruket Fagervik der advokat Johan Widing Heiberg Landmark budde ei tid. Begge herskapshusa på Leitet er i privat eige.

I Gjølanger budde den tidlegare reieren Erik Grant Lea, i si tid ein av Bergens rikaste menn. Under krakket etter første verdskrigen tapte han det meste av formuen, og han og kona kom då til Gjølanger der han starta ny næringsverksemd med mølle, sag og dampskipsekspedisjon. Huset til Lea står framleis, saman med eit lite kapell som Lea bygde då han konverterte til katolisismen. Interiøret i begge bygningane er svært særprega. Hellevik grendelag samarbeider med ymse partar om eit teaterprosjekt knytt til Erik Grant Lea.



*Kapellet på eigedommen der Erik Grant Lea budde.*





### 2.3.3 Industrielle aktivitetsspor og bygningar

Industrihistoria i Fjaler kan førast tilbake til 1759, då koparverket i Grimelia i Askvoll dreiv ei "avdelingsgruve" i Sjørdalen ved Hellevik. Gruva var i drift fram til 1780 og seinare i 1864–86 og 1907–09. Det er i dag få synlege spor i landskapet etter denne gruvedrifta.

Skifabrikken på Åsnes var som nemnt i drift fram til 2008. Fabrikkbygget frå 1950, som seinare er utvida fleire gonger, står framleis, men er tydeleg prega av forfall. Ny eigar har overteke og det er planar om å byggje det om til ferieleilegheiter med tilhøyrande uteareal og båthamn. Når det gjeld skihistoria på Åsnes finst det planar om å få til eit lite museum i kjellaren etter at lokala er ombygde.

Den første fabrikkbygningen i tilknytning til skofabrikken i Dale vart reist i 1899. Produksjonslokala er seinare utvida fleire gonger med nye bygningar i 1918, 1927, 1935, 1962 og 1968. For å gje plass til utvidingane, er det fylt ut i sjøen mot nord. Skofabrikken var som før nemnt nedlagt i 2011. Programvarebedrifta Hansen Technologies (tidlegare Elis/Enoro) har teke over lokala og brukar dei til kontor i dag. I 2012 laga Anne Lise Stenseth videoessayet "Omveg" som utspelar seg i den nedlagde skofabrikken.

Ola Hovland starta tønnefabrikk i Wilken-bua i Dale i 1915. Fabrikken vart totalskadd av brann i 1987, men ein kopi av bua vart reist på branntufta, teikna av arkitekt Olav Hovland. Lenger aust dreiv Aksel Hovland tønnefabrikasjon frå 1921. Seks år seinare gjekk han saman med svogeren Magnus Rakneberg og skipa Hovland og Rakneberg Tønnefabrikk. Drifta var på sitt høgste i 1950-åra, men gjekk seinare nedover og tok slutt. Seinare har det vore sagbruk og forretningsdrift i bygget.

Ved fleire av vassdraga i Fjaler har det vore drive sagbruk i eldre tid. I Grottehogselva og Pollaelva, som renn ut på vestsida av Flekkefjorden, finst det demningar i elveleia som synlege minne om denne aktiviteten. Grunnlaget for dette var at dalføret kring fjorden har gode førekomstar av fureskog. I dag er denne skogen svært uthoggen. På Saga, ved den gamle kommunegrensa mellom Askvoll og Fjaler, finst eit sagbruk med ei intakt sag.

#### *2.3.4 Kulturlandskap, bygningar og gjenstandar frå bondesamfunnet*

Landbruket var tidlegare hovudnæringa i Fjaler. I 1960 sysselsette jord- og skogbruk 38 prosent av dei yrkesaktive i kommunen. Seinare har dette gått sterkt tilbake etter som næringa har blitt meir maskinell og effektiv. Rasjonaliseringa i landbruket med større einingar og overgang til store haustingsreiskapar set sitt preg på landskapet. Mange teigar som tidlegare vart hausta eller beita som ein del av kulturlandskapet, ligg i dag brakk eller gror att med kratt og småskog. Det finst mange småbruk og husmannsplassar i Fjaler der det ikkje lenger bur folk, og der jorda ikkje lenger vert hausta. På fleire slike stader kan vi framleis finne tufter, murar og restar av hus. Vi finn også ei rekkje andre spor frå det gamle jordbrukssamfunnet i utmark og innmark, til dømes uteløer, jordkjellarar, vokster av humle og andre kulturplantar, restar av tjørehjellar og fundament til løypestrengar.

I rapporten *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Fjaler kommune* presenterer Anne Rudsengen og Terje Kallekleiv 15 typeområde i kommunen: Hovlandsdalsstølen (fjellstøl og beitevollar), Yndestad (beitebakke), Espenes (slått- og beitebakke), Huseklepp (einerhage), Tyssedal (fattig einerhage), Solbø (heilskapleg kulturlandskap), Holstad (kystlynghei), Livra på Heggneset (heilskapleg kulturlandskap, underlagt omsynssone saman med Kaldeklova), Klenevåg (strandeng), Lammetun (eng- og beitebakkar), Nautsund (våtmarkseng), Fure (torvmyr), Åsnes (hagemark og hasselhage), Sunndalen (slåttemyr) og Våge (heilskapleg kulturlandskap). Sidan denne rapporten kom i 1992 må ein rekne med at redusert bruk av kulturlandskapet og attgroing har auka på i dei ulike typeområda. For Nittergarden på Yksnebjør (gbnr. 59/3) er det utarbeidd skjøtselsplan for slåttemark i 2018.

Dei fleste gardane i kommunen var små til mellomstore, men her var også dei som dreiv i større stil. Garden Gallefoss kan stå som eit typisk døme på drifta på ein velhalden vestlandsgard. I 1865 var her to brukarfamiliar og i alt 26 menneske budde på garden. I



*Jordkjellar i Flekke. Foto: Stig Nordrumshaugen*





*Eldhus og gammalt våningshus på Gallefoss. Foto: Ove Losnegård*

fjøsen hadde dei to bøndene til saman 4 hestar, 59 kyr, 90 sauer, 68 geiter og to griser. Dei sådde ut i alt 13 tønner havre og 7 tønner poteter. Det er planar om å restaurere det gamle gardstunet på Gallefoss bnr. 1. Både her og elles i Guddalen finst det fleire gardshus av høgare alder enn nede ved fjorden.

Utskiftingane seint på 1800-talet og tidleg på 1900-talet braut opp og fjerna den tidlegare så vanlege gardsstrukturen med eitt fellestun for fleire bruk. Men somme stader, der utskiftinga skjedde tidleg, har bygningane ikkje blitt flytta frå ein annan slik at tunstrukturen framleis eksisterer. Dette er tilfelle i Tyssedalen, der dei to bruka framleis har husa tett samla. Det gamle klyngetunet på Igeltjern er med hjelp av gamle dokument blitt rekonstruert og teikna.



*Stølsmiljø på Slettlandsstølen, vurdert som verneverdig i kommuneplanen frå 2009.*



Stølsbruk var vanleg inne i fjordane, der dei fleste gardane har stølar med stølshus. Mange av stølshusa blir nytta til fritidsbruk og er godt vedlikehaldne. Fjaler har også nokre veglause fjellgardar (Eikevika, Fuglevatn, Torset, Østenstad, Røyrbotnen) som i dag er fråflytta og som er lite prega av moderne inngrep.

Frå det gamle bondesamfunnet i Fjaler er det bevart ei rekkje gjenstandar, både i privat regi og i offentlege museum som Sunnfjord Museum. På Heggheim har dei teke vare på viktige gjenstandar og gamle brev heilt tilbake til 1500-1600 talet.

### 2.3.5 Vegar og stiar

Det finst ei rekke kulturminne i Fjaler knytt til samferdsle og kommunikasjonar. Den første offentlege vegen gjennom kommunen var *Den trondhjemske postvegen*, der ein av strekningane går mellom Leirvik og Trossebryggja i Dale (45 km). Postruta mellom Bergen og Trondheim vart sett i gang i 1786, og postvegen vart bygt dei følgjande tiåra. Frå grensa mot Hyllestad ved Røstenskar går han aust for Hovland ned til Espedalen og vidare forbi Vassliåsen til Rennestraum. Frå Flekke går han opp Stavsdalen nord for noverande fylkesveg og deretter ned til Håland over den gamle Hålandsbrua. Postvegen gjennom Fjaler og Hyllestad vart restaurert på 1970- og 80-talet og opna ved ei markering med samferdsleminister Kjell Opseth sommaren 1993. Vegen er skilta. Langs postvegen har det også gått telegraflinje som vart sett opp i midten av 1860-åra. Det finst framleis fundament etter telegrafstolpane. Postvegen har status i gjeldande kommuneplan som verneverdig.



*Hålandsbrua på Den trondhjemske postvegen*

Før den moderne vegbygginga i Fjaler tok til på 1900-talet, tok folk seg fram over land langs krøtertrakk og stiar. Blant desse ferdsleårene kan nemnast følgjande:

- 1) Norddalen–Skaddalen–Dale, som vart nytta til kyrkjeveg eller på offentlege møte
- 2) driftevegen Skaddalen–Slettelandsstølen
- 3) skitur frå Torset til Norddalen og vidare til Slettelandsstølen og Steinset

- 4) Norddalsvegskiftet på Vassdalsvegen–vestsida av Norddalsvatnet–Strandskaret–Strand som vart nytta til sanking, turveg og som drifteveg i høve hesteutstillingar i Førde
- 5) skulevegen Åse–Sunndalen–Vassdal skule
- 6) Bjordal–Stav som vart nytta til ålmenn ferdsle og frakt av bjordalsstolar på ryggen, ved møte i heradsstyret var det overnatting på Håland
- 7) Herstad–Otresmettet–Guddalsvatnet–Ulvedal–Løbrot – dugnadskøyring med hest og vog på etterjulsvinteren då det vart frakta fram rundtømmer til husbygging
- 8) Løset–Håland – frakt av geitemjølke og skuleveg
- 9) Brokabakkane–Håland over Torset, Ormehaug og Skaddalsvegen (t. d. frakt av mjølke)
- 10) Torset–Håland
- 11) Torset–Dale med køyreveg til Kuleberget og råseveg til Hatledalsbrua
- 12) skulevegen Bortheim–Dingemoen gj. Bortheimsskaret til Jarstadbrua og Lindeskaret
- 13) mjølkeruta Bortheim–Håland meieri
- 14) Kvammen–Fossedal–Fossvika–Dale kyrkje – alternativ kyrkjeveg til gudsteneste i sommartid ved t. d. jonsok og mikkelsmesse, med skifte av fotty ved "Lubbestein"
- 15) "Gravarstien" og 16) "Ingridstien" på Straumsneset
- 17) Tjoeholevegen på sørsida av Botnavatnet i Guddal (Røyrobotnen) – namnet skal komme av at ein postmann vart rana her i eldre tid ved staden som heiter Tjoehola
- 18) Sti frå Storvika opp Vikabrekka i Agnalsvika på Neslandet – med steintrapper
- 19) Sti frå Agnalsvika til Solvika, brukt som ferdsleveg mellom Straumsneset og Gjølanger/Hellevik
- 20) Sti frå Liasethåjen til Brekka (Ytre Åsnes) – med steintrapper

### *2.3.6 Kraftstasjonar og elektrisitet*

Den organiserte kraftutbygginga i Fjaler tok til i 1916, då Dale Sogns Elektrisitetsværk vart skipa. To år seinare stod kraftverket i Hålandsfossen ferdig. Dette vart utvida og modernisert i 1955.

Flekk sentrum fekk straum frå Hålandsfossen frå 1920, men det tok lang tid før resten av kommunen fekk straum. Her organiserte folk seg i egne kraftlag – Guddal Kraftlag, Sørsida Kraftlag, Hellevik og Gjølanger Kraftlag, og Fure og Våge Kraftlag. Bygdefolket sjølv bygde lågspenning, og i løpet av 1940- og 50-åra kom straumen på plass i dei fleste heimane. Garden Solbø var den aller siste – der vart lyset slått på 28. februar 1961.

I tida før storsamfunnet tok over straumleveransen, vart det bygt bygdekraftverk på fleire stader som ein kan sjå spor etter. Både i Gjølangerelva og Loneelva kom det slike småkraftverk. Også Åsnes skifabrikk, Hellevik gard og Lillingstonheimen hadde egne kraftverk før den sentrale straumforsyninga vart utbygt.

### *2.3.7 Maritime kulturminne*

Fjaler er ein fjord- og kystkommune, og ein viktig del av kulturminna her har tilknytning til sjø og hav. Fiskeri var viktig som hovudnæring i dei ytre delane av kommunen og som attåttnæring i dei indre. Ein stor del av ferdsla gjekk på fjorden, som såleis batt i hop folk og bygder. Handelsstadene låg stort sett ved kaiane der dampskipa stoppa. Slike stoppestader vart såleis lokale knutepunkt for varebyte og kommunikasjon.

På Leitet, ved innløpet til Flekkefjorden ligg den store sjøbua Jensbua som vart bygd av Jens Haugland kring 1920. Bua er i dag eigd av Jensbua Kystkultursenter, med aktivitet knytt til særleg knytt til restaurering av eldre bygningar og båtar. Ved sidan av sjøbua på



*Nilsbua i Hellevika*

kaien på Leitet ligg ein butikk som var i drift til 1960-talet, og som vart restaurert på byrjinga av 1990-talet.

Ei anna verneverdig sjøbu, Nilsbua, finn vi på Hellevika. Her har det vore dampskipsekspedisjon, kolonial, skomakar, overnattingsstad og utleigebustad. Bua har ikkje vore i bruk sidan ikring 1960, men interiør og lausøyre er intakt. Hellevik grendelag har i samarbeid med eigaren av Hellevik gard, Riksantikvaren, fylkeskommunen, private gjevarar og Ove Losnegård sett i gang eit arbeid for å berge bua og dokumentere, ta vare på og formidle historia knytt til bygget. Kulturminnefondet løyvde i 2017 midlar til prosjektet.

Også andre stader i Fjaler finn vi miljø med naust og/eller sjøbuer. I SEFRAK-registeret er det registrert i alt 107 naust, sjøbuer, sjøhus og ruinar av slike i kommunen. På Folkestad er det ei gammal nothengje som for tida er under restaurering. Av særleg verdi er bygningsmassen i tilknytning til handelsstaden i Korssundet. Den gamle sjøbua her skal vere flytta hit frå Bergen i 1894, og har vorte nytta til krambu, postkontor og fiskemottak.

I eldre tid nytta ein ballaststein i skuter og jekter i fraktefart. Når fartya skulle lastast, laut ein gjerne kvitte seg med ein del av ballasta. Spor etter slik av aktivitet finn vi ved Båtehammaren i Flekke, der det ligg ei røys med ballaststein. Her vart ballasta bytta ut med tømmer, ved eller anna last.

I Dalsfjorden er det lange tradisjonar for laksefiske. Ved Tysselandet og i Agnalsvika var det lakseverp. I Kalhagen ved Åsnes var det ishushus til lagring av laks.



Det eldste funnet etter marine aktivitetar i Fjaler er eit funn under vatn i nærleiken i Korssundet registrert av Bergens Sjøfartsmuseum. Det er ein del av eit fat av hollandsk keramikk som kan vere frå 1600-talet til 1800-talet. Funnet minner oss om Korssundet si sentrale plassering ved leia. Her vart det etablert handelsstad seinast på 1620-talet. Skipstrafikken gjennom Korssundet har såleis ei lang og omfattande historie.

Ved Inste Brattholmane vest for Lutelandet ligg eit skipsvrak frå 1881. Skipet er slått sundt, men skroget er heilt. Sidan vraket er eldre enn hundre år (rekna etter byggjeår) er det automatisk freda.

Fjaler har tidlegare hatt båtbyggeri fleire stader. Den mest framstående båtbyggjaren var Leiv Bakkebø (f. 1913), som starta båtbyggeri i Aurevågen i Hellevik i 1936 saman med faren Jens. Dei bygde mest færingar, men også gavlbåtar på 16-17 fot og snekker. Til saman vart det bygt meir enn 500 Aurevåg-båtar.

Av eldre båtar med tilknytning til Fjaler kan særleg nemnast Bakkejekta, som i dag er utstilt på Kystmuseet i Florø. Denne 30 fots jekta, som truleg vart bygd kring 1750 av Sjur Vindheim, er den eldste som museet eig og truleg den eldste bevarte båten i Norge. Partslaget Bakkejekta med entusiastar frå begge sider av Dalsfjorden, fekk i 2006 bygt ein kopi av båten, som vert nytta til ulike aktivitetar kvart år og som om vinteren blir lagra i eit naust på Bakke i Holmedal. Om sommaren har jekta base på Jensbua.

Bøkring har lange tradisjonar i Dalsfjorden, både i stor stil i tønnefabrikkane i Dale og i mindre skala i verkstader andre stader langs fjorden, mellom anna i Nistadlia, på Strand og Sætenes.

### *2.3.8 Skular og skulehistorie*

Fjaler har ei rik og mangslungen skulehistorie, frå den første omgangsskulen på 1700-talet til moderne offentleg skuledrift og UWC på Haugland.



*Gamle skulestova i Dale*



*Det gamle skulehuset i Tyssedal*

Den første fastskulen i Fjaler var i den gamle tingstova på Tross i Dale. Ikring 1890 vart det så bygt eit eige skulehus sør for kyrkja, som framleis står. På denne tida kom det skulehus i dei fleste krinsane i kommunen. Ein rapport frå 1895 fortel at det var bygt eigne skulestover i 18 av 20 krinsar: Vårdal, Holmedal, Rivedal, Lone, Bakkebø, Tyssedal, Standnes, Strand, Dale, Håland, Vassdal, Flekke, Espedal, Bjordal, Espenes, Guddal, Gallefoss og Heggheim. Krinsane Øen og Sunde dreiv i leigde lokale. Alle skulestovene var bygde som sperrestover med eitt klasserom og ope loft og glasljore.

Ein del av desse eldre skulehusa står framleis, men tilstanden varierer. Guddal skule vart flytta til Sunnfjord Museum på Mo og er såleis teke vare på der. Dingsøy skule er eigd av Guddal Ungdomslag og er teken godt vare på og er brukt til ymse tilskipingar. Heggheim skule er i dag på private hender. Den er sett i svært god stand. Skulestova er intakt og brukt ved store samkomer i familien, og den har også vore overnattingsplass. Den gamle skulen på Tysselandet står framleis. Han gjekk over til å bli brukt som bedehus etter at ny skule vart bygt.

I nyare tid er det komme nye skulebygg i dei krinsane der drifta har halde fram. Den eldste delen av Dingemoen skule var ein murbygning frå 1920. Denne er no riven i samband med bygging av ny kombinert barne- og ungdomsskule i Dale.

Ved sidan av dei offentlege skulane har Fjaler hatt ei rad med private skular. Nikka Vonen kom til Dale i 1869, og tok til med ein mindre skule på Yksnebjør. I 1871 starta ho "Pigeinstitut" på Steia. Jentene ho tok inn var ofte 17–18 år, men alderen varierte frå 11 til 20. Dei fleste kom frå byar og tettbygde strøk i Norge, men nokre få var utlendingar. Dei viktigaste faga var tysk, engelsk, historie, norsk, musikk og religion. Skulen var i drift til 1907.

Marie og systera Barbra Landmark dreiv ein liten husstelskule på Leitet i åra 1883–93. Undervisninga skjedde i hovudhuset til distriktslege Landmark (sjå punkt 2.3.2). Marie

Landmark var ein landskjend kokebokforfattar. Ho gav mellom anna ut *Kogebog for land og by* som kom i heile 13 opplag frå 1905 til 1931.

Frå 1871 til 1874 dreiv bergensaren Jens Rolvsson ein bondehøgskule i Dale. Skulen skjedde i leigde lokale på Tross, og hovudvekta i undervisninga var lagt på norsk og historie. Rolvsson var ihuga målmann og ein av dei første som underviste på landsmål.

I 1889 skipa Willa Falch ein pensjonatskule for gutar i Dale. To år seinare bygde ho eit eige bygg for skulen på Yksnebjør. I 1918 vart skulen flytta til eit nytt bygg ved sjøen, Granholt. Stedottera Ragnhild Falch tok no over og dreiv skulen vidare. Frå 1932 tok elevane middelskuleeksamen, seinare gjekk ein over til realskuledrift. Oddleif Fagerheim tok over som styrar i 1943 og Falchs pensjonat- og realskole flytta inn i nybygget Vevang i 1950. Pensjonatskulen var i drift fram til 1972.

Fjaler starta linedelt ungdomsskule i 1960 som ein av dei første kommunane i landet. I 1979 fekk Dale også vidaregåande skule ved at Førde gymnas oppretta ein filialklasse i bygda. Året etter vart Dale vidaregåande skule oppretta som eigen skule. Men så tidleg som i åra 1944–51 dreiv brørne Oddleif, Sverre og Magne Fagerheim gymnas utan eksamensrett i Dale. I 1995 starta Røde Kors Nordisk United World Collage på Haugland.

### *2.3.9 Andre samfunnsmessige fellesbygg*

Skulehusa vart gjerne nytta til ulike tilstellingar og samkomer – møte, festar og basarar. Men det finst også ei rekkje eigne forsamlingshus med ulike føremål i Fjaler. Det eldste huset av denne typen er kommunehuset i Dale frå 1895. Ungdomslaget i bygda reiste ungdomshuset Trudvang som stod ferdig i 1932. Flekke fekk sitt ungdomshus, Vonheim, i 1938, og Ytre Fjaler bygde grendahus på Våge i 1961 (Framtun).

Av andre eldre offentlege bygg kan nemnast folkebadet i Dale frå 1936. Dette blei bygt som eit samarbeid mellom Fjaler Røde Kors og Rieber-konsernet, som eigde skofabrikken. Badet var i bruk fram til slutten på 1950-talet. Fjaler gamleheim vart bygt i 1920. Drifta var sjølvberande fram til 1960, då kommunen gjekk inn med tilskot. Fjaler Sparebank sitt eldste bygg er frå 1923. Det var i bruk som banklokale fram til 1969.



*Ungdomshuset Trudvang i Dale*





*Kanonstilling på Lammetun*

### *2.3.10 Andre verdenskrigen*

Dei viktigaste krigsminna i Fjaler finn vi i ytre delane av kommunen. Norskekysten var ein del av forsvarslina Atlanterhavsvollen, og okkupasjonsmakta bygde to festningar i området.

Furenes batteri hadde i alt ti kanonar, fem mitraljøser og tolv flammekastarar. Sentrum i området var Sølvberghaugen på Fure, med hovudstillingar og kommandosentral inne i eit stort fjellanlegg. Fortet hadde 90 mann i april 1945. I tilknytning til fortet var det forsvarsstillingar på Våge, fleire kaiar og ein russisk krigsfangeleir, der fangane vart brukte som arbeidskraft. Fortsområdet som blei avsperra, var stort, og meir enn 50 menneske måtte forlate heimane sine.

Lammetun batteri hadde i alt ni kanoner, ein bombekastar, fire mitraljøser og fjorten flammekastarar. Liksom på Fure blei her bygt ein stor kommandobunkers med gasstette, pansra dører og ventilasjonsanlegg. Fortet hadde 96 mann i april 1945. Også her laut bygdefolket flytte frå heimane sine.

Kystfortet på Fure er lite tilgjengeleg for ålmenta i dag. Fortet på Lammetun er derimot godt tilrettelagt for besøkande og står fram som eit museumsområde som kan gje viktig innsikt i forholda under andre verdenskrigen. Begge forta har status i gjeldande kommuneplan som verneverdige område/bygningar.

### *2.3.11 Minnesmerke*

Det finst fleire minnesmerke av ulik art i Fjaler. Nokre er knytte til framstående kulturpersonar i kommunen. På Steia i Dale har elevar reist ein minnestein over Nikka Vonen. Ved Fjaler Ungdomsskule står ein byste av Jakob Sande. Bysten vart innvigd 20. november 1966 og er laga av bilethoggar Waldemar Sefland Dahl.



*"Vesle Daniel" i Dale*

Eit eige monument over diktinga til Jakob Sande kom på plass i Dale sentrum for nokre år sidan. "Vesle Daniel" er ein av dei mest kjente karakterane i diktinga til Sande, og statuen Vesle Daniel, laga av kunstnaren Sivert Donali, vart innvigd 10. august 2002 med nær tusen menneske til stades. Biografen Herbjørn Sørebo føretok avdukinga og Lars Klevstrand og brørne Rune og Bjørn Klakegg sto for kulturinnslaget.

Etter andre verdenskrigen vart det reist fleire steinar til minne om folk frå bygdene som fall i krigsåra. På kyrkjegarden i Dale står ei minnestøtte over falne frå Dale sokn med 15 namn. På kyrkjegarden i Guddal står ein minnestein over krigsgrava til Hans Olai S. Thuland. Denne steinen vart reist av Guddal Ungdomslag.

### *2.3.12 Arkiv og fotografi*

Fysisk arkivmateriale som kan fortelje om fortida til Fjaler finst i ei rekkje samlingar. Offentlege, statleg arkivmateriale finn vi i Riksarkivet i Oslo og hjå Statsarkivet i Bergen. Det eldre kommunale arkivmateriale forutan ein del private arkiv frå Fjaler er oppbevart hjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane på Hermansverk. Biblioteket i Fjaler har ei eiga lokalsamling.

I ei særstilling står arkiva etter lokale lag og organisasjonar som har vore, og som blir oppbevart i private heimar. Det er ønskeleg at slikt arkivmateriale blir leverte inn til Fylkesarkivet.

Av fotografiske samlingar knytt til Fjaler kommune er Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane den viktigaste. Institusjonen har avfotografert og digitalisert foto frå kommunen i fleire rundar. Eit søk på "Fjaler" i det digitale fotoarkivet deira gjev 2500 treff.

### *2.3.13 Immaterielle kulturminne*

Til den immaterielle kulturarven høyrer mange område, mellom anna språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonell handverkskunnskap, ritual og kunnskap og

ferdigheiter knytt til naturen. Sidan feltet er så omfattande, må dei eksempla som er omtala her, på ingen måte reknast som utfyllande.

Lokale eventyr, soger og forteljingar er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Ein pioner innanfor arbeidet med å samle slikt materiale var Nikka Vonen i Dale, og fleire av forteljingane ho samla har tilknytning til Fjaler. Allereie tidleg i 1850-åra skreiv ho ned det ei gammal kvinne fortalte om medisinsk bruk av urter og blomster og troll og huldrefolk. Seinare samla ho inn ei rekkje forteljingar og eventyr, som kom på trykk i "Dølen" på eit landsmål med innslag av sunnfjordsk bygdemål.

Fjaler har i det heile ein rik forteljetradisjon. Ein av dei som gjorde seg kjent for saftige historier, var smeden Daniel Oliver Boredriusson i Dale (1863–1939). Som blekksmed laga han holkar, spann, vispar og auser og han drog mykje rundt på gardane og nytta då også høvet til å fortelje. Mange meiner at son hans med same namn er Jakob Sande sin modell for "Vesle Daniel". Ein annan bygdemann med litterære evner var Jonas Åsnes frå Åsnes. Han har skrive ei rekkje dikt og tekstar, bryllaupstalar etc.

Mange slags småstykke, forteljingar, dikt og ulike typar tekstar finst i lagsavisene som dei lokale ungdomslaga heldt seg med. Desse avisene var handskrivne og innskrivne i protokollbøker og blei leste opp på lagsmøta. Mange av protokollane er bevarte.

Ein annan del av den immaterielle kulturarven er den som gjeld musikk, song og dans. Fleire av Jakob Sande sine dikt har vorte tonesette av lokale komponistar, blant andre Jørgen Alisøy og Svein Åsnes. Alisøy stod i mange år i spissen for visegruppa Jubelhornet (andre medlemmer Jan Haugen, Andreas Ramstad, Hallvard Arstein, Joy Taylor og Anne-Hilde Skadal), som framførte Sande-viser. Gruppa fekk i 2016 gitt ut CD for første gong.

Ein viktig lokal utøvar av folke- og tradisjonsmusikk var Dalsfjorden Spelemannslag. Laget blei lagt ned i 1967, men starta opp att i 1976 med mange av dei gamle kreftene. Blant dei som deltok frå sørsida kan nemnast Hallvard Arstein, Håkon Storaker, Trygve Hovlandsdal, Leif K. Åsnes, Sunniva Bakkebø, Peter Kåre Igelkjøn, Oddvar Vassliås, Oddleif Stenseth, Knut Skoghei, Johan Løseth, Reidar Vårdal og Jofred Solheim. Spelemannslaget gav ut eigen kassett i 1993.

Eit viktig senter for kunnskap om restaurering av eldre bygningar og båtar er Jensbua Kystkultursenter. I tilknytning til bygginga av den nye Bakkejekta, som vart bygd og har heimehamn på Jensbua, har det laga seg eit miljø som har samla seg erfaringar innan bygging og vedlikehald av tradisjonsbåt. Det finst elles mange slags typar historisk handverkskunnskap som har vore viktig i den tidlegare industriproduksjonen i Fjaler (ski, sko, tønner etc.), men som no er utdøyande.



## DEL 3 – HANDLINGSDEL

### 3.1 Mål

Kulturminneplanen skal sikre at:

- vi får kartlagt, tatt vare på og synleggjort eit breitt spekter av kulturminne og kulturmiljø i Fjaler kommune
- det blir lagt til rette for at dei ulike kulturminna kan opplevast og gje kunnskap om fortida gjennom formidling og andre tiltak
- dei mest verdfulle kulturminna vert skjerma frå ytre påverknad og skade slik at dei ikkje går tapt. På sikt kan det vere aktuelt å opprette omsynssoner der det er påkravd

### 3.2 Planperiode

Planperioden for denne planen er 2019–2023. I slutten av perioden skal planen takast opp til evaluering med mål om å få utarbeidd ein oppdatert plan for neste fireårsperiode. Det kan vere aktuelt å vidareføre mykje av oversynet over kulturminna (del 2) i den nye planen.

### 3.3 Ressursar til arbeidet

Arbeid med kulturminne er krevjande, både i tid og pengar. Mange faste kulturminne er dyre å restaurere og halde ved like, ikkje minst bygningar. Også lause kulturminne krev ressursar når det gjeld oppbevaring, vedlikehald og formidling.



*Bautastein på Vardholmen i Lammetusundet*

Fjaler kommune har ikkje tidlegare løyvd ein fast, årleg sum til lokalt kulturminnearbeid. Kommunen ser no likevel på dette arbeidet som så viktig at ein vil opprette ein fast post på budsjettet kalla *kulturminnemidler* på 100 000 kroner per år. Kommuneadministrasjonen har forholdsvis små personalmessige ressursar til å gjennomføre kulturminnearbeid, og er heilt avhengig av eit godt samarbeid med fylkeskommunen, organisasjonar og enkeltpersonar.

Kommunen vil særleg framheve det arbeidet organisasjonar som Fortidsminneforeininga, Jakob Sandeselskapet og Fjaler sogelag gjennom lokale ressurspersonar gjer for å ta vare på lokale kulturminne og formidle lokalhistorie. Det er viktig at dette arbeidet får tilført tid og ressursar får tid og ressursar.

Både organisasjonar som dei ovanfor nemnde, private grunneigarar og andre vil kunne søkje om tilskot frå kulturminnemidlane, til dømes til restaurering og vedlikehald av bygningar. Tilsette i kommuneadministrasjonen vil dessutan kunne hjelpe med søknadsarbeid i høve tilskot frå Kulturminnefondet ([www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no)) og ulike offentlege instansar.

### 3.4 Prioritering av kulturminne

I planprogrammet for denne planen er det som før nemnt lagt opp til fire prioriterte satsingsområde i Fjaler: 1) fornminne, 2) særprega bygningsmiljø, 3) industrihistorie og 4) samferdsle og kommunikasjonar. Her følgjer eit oversyn over spesielt verdifulle kulturminne innanfor kvar kategori. Fjaler kommune vil prioritere arbeid med kulturminna ut i frå kor dei står på verdiskalaen.

#### 3.4.1 Fornminne

Kulturminne	Skildring	Verdi
Myrkyrkjeggard i Guddal	Eineståande som gravstad i Norden	Svært høg
Korssundkrossen	Landets lengste steinkross	Svært høg
Kulturmiljø med gravminne på Einingsneset	Lett tilgjengeleg fornminne med høg formidlingsverdi	Høg

#### 3.4.2 Særprega bygningsmiljø

Kulturminne	Skildring	Verdi
Tysselandet	Samanhengande, særprega bygningsmiljø med naust i Eikarolfjóra, herskapshus frå 1800-talet (Lillingstonheimen, Leitet og Fagervik), sjøbua Jensbua og den gamle butikken på Leitet. Dessutan gravstaden Fredensborg	Svært høg (omfatta av omsynssone)
Klokkargarden (gbnr. 64/45)	Eit bygningsmiljø som vert nytta til presentasjon av Jakob Sande sitt liv og diktekunsten hans. Særleg formidlingsverdien er svært høg	Svært høg (omfatta av omsynssone)*
Sentrumsmiljø Dale (gjeld nummererte bygningar på kart s. 20)	Dale sentrum har eit mangfaldig, samansett miljø av eldre villaer i sveitsarstil, fabrikkbygg og offentlege bygningar med ulike funksjonar frå ulike periodar	Høg (delvis omfatta av omsynssone)*
Bygg registrerte i SEFRAK eldre enn 1850	Bygga er generelt verdivurderte ut i frå alder, men må vurderast i kvart tilfelle ved søknader om tilskot	Høg
Bygg registrerte i SEFRAK yngre enn 1850	Bygga er generelt verdivurderte ut i frå alder, men må vurderast i kvart tilfelle ved søknader om tilskot	Middels

#### 3.4.3 Industrihistorie

Kulturminne	Skildring	Verdi
Industrimiljø i Dale med tidlegare skofabrikk og tønnefabrikk	Dale har lange tradisjonar som industristad med sko- og tønneproduksjon. Både bygningane og det immaterielle i denne historia gjev bygda identitet	Høg (delvis omfatta av omsynssone)*
Åsnes skifabrikk (samling og immaterielle kulturminne)	Åsnes var lenge ein av dei store arbeidsplassane i Fjaler, med produkt i særklasse, også nasjonalt	Høg

#### 3.4.4 Samferdsle og kommunikasjonar

Kulturminne	Skildring	Verdi
Den trondhjemske postvegen Dale–Hyllestad grense	Postvegen batt landsdelane saman, og er ein av dei eldste offentlege vegane i Noreg	Svært høg (omfatta av omsynssone)
Gallefoss bru	Særeiga bogebru i eitt spenn frå 1912	Høg
Sjøbu i Korssundet	Handelsstad med fleire hundreårig tradisjon midt i den indre skipsleia	Høg

Nilsbua på Hellevika med kaiområde (gbnr. 24/1)	Eit historisk kai- og sjøbumiljø utan nemnande moderne inngrep. Treng framleis omfattande restaurering	Høg
---	--	-----

\*) Bygningane i Dale sentrum som er omfatta av omsynssone som gjeld bevaring av kulturminne er følgjande: Prestegarden på Bjerga, Borgen/Lassedammen (gammal strandsitjartomt), Dale kyrkje, Tusenårsstaden (folkebadet, gamleskulen, kommunehuset og Jakob Sande-tunet/klokkargarden), Dalstunet (Dalsbua, Dalehuset og Allmuen), husa i gamlevegen frå fylkesvegen nord til kyrkja, skofabrikken, Tross (tingstova/kafé Stjernen og Geijerstamhuset), lemstove på nedre Yksnebjør postvegkaia (Trossebryggja) og Yksnebjør (gardstun/kulturlandskap).

### 3.5 Tiltak

Prosjekt/ansvarleg	Tiltak i 2019	Tiltak i 2020	Tiltak i 2021-2023
Gamleskulen i Dale (kommuneadm., kommunestyre, frivillig lag/org.)	- Bestemme framtidig bruk av huset (baking og skulemuseum har vore på tale)	- Gjennomføre vedlikehald av huset og evt. nye tiltak som bygging av toalett	
Kulturminnemidlar (kommuneadm., kommunestyre)	- Løyve 100 000 til kulturminnemidlar på neste års budsjett	- Løyve 100 000 til kulturminnemidlar på dei årlege budsjetta - Handsame søknader om støtte	
Gravrøyser på Eina (fylkeskommunen, kommuneadm., grunneigar, skule, frivillig lag/org.)		- Ruste opp sti og rydde kratt i området	
Myrkyrkjegarden i Guddal (kommuneadm./fylkeskomm./museet i Bergen)		- Planlegge formidling (skilting) av kulturminne	- Gjennomføre formidling (skilting) av kulturminne
Allmennsøge for Fjaler (kommuneadm./kommunest.)		- Greie ut moglegheitene for å få skrive ei kulturhistorisk allmennsøge for Fjaler	- Starte opp skriving av kulturhistorisk allmennsøge (dersom prosjektet lar seg realisere)
Vurdering av verneverdige kulturminne og miljø som er nemnt i kulturminneplanen (kommuneadm., kommunestyre)	- Vurdere behov for omsynssoner eller reguleringsplanar, eventuelt utarbeide føresegnar i slike tilfelle. Arbeidet må koplatt til arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Særleg aktuell er Postvegen, t. d. å forby bygging 3 m ut frå veggen).		
Formidling av kulturminne (kommuneadm., fylkeskom., skulane, frivillige lag/org.)	- Gjennomføre årleg lokalhistorie-/kulturminnedag - Gjennomføre prosjektarbeid ved skulane om lokalhistorie/kulturminne - Leggje til rette for og gjennomføre skulebesøk ved kulturminne og turar i kulturløypene - Fullføre kulturminneløypa på Tysselandet (2020)		
Samarbeid (kommuneadm., fylkeskom., skulane, frivillige lag/org.)	- Leggje til rette for og oppretthalde eit godt samarbeid og tett kontakt om bevaring av prioriterte kulturminne og aktuelle prosjekt for restaurering, vedlikehald og formidling.		
Registrering (kommuneadm.)	- Leggje til rette for at privatpersonar kan kartleggje nye kulturminne og registrere dei på kulturminnesok.no. Drive opplysningsarbeid om dette		



## Kjelder

### *Litteratur og skriftlege kjelder*

- Aaraas, Margrethe Henden, Torkjell Djupedal, Sigurd Vengen og Finn Borgen Førstund: *På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane. 1. Nordfjord og Sunnfjord*. 2000.
- Bakke, D. O.: *Fjaler i gamle dagar*. 1948.
- Beretning om Folkeskolens Virksomhed i Ytre Holmedals Skolekommune i Femaaret 1891–95*. 1896.
- Eithun, Grethe, Kjell Ragnar Berge og Hermund Kleppa: *Krigsår. Liv og lagnader i Sogn og Fjordane 1940–1945*. 2005.
- Fagerheim, Magne: *Pensjonatskular i Fjaler gjennom hundre år*. 1998.
- Fagerheim, Magne og Ragnvald: *Fjaler. Gards- og ættesoge. Bind I–III*. 1994 (2. utgåva).
- Fjaler kommune: *Kommuneplan arealdel for Fjaler kommune 2009–2019*. 2009.
- Fjaler kommune: *Planskildring kommunedelplan for Dale 2015–2027*. 2015.
- Hekneby, Greta: *Kulturvandring i Dale*. 1994 og 2014 (ny utgåve).
- Kyrkjebø, Arne: *100 år med Flekke ungdomslag 1896–1996*. 1996.
- Losnegård, Gaute: *Havfolk og fjordfolk. Allmennsoge for Askvoll bind I*. 2009.
- Losnegård, Gaute: *Havfolk og fjordfolk. Allmennsoge for Askvoll bind II*. 2011.
- Losnegård, Gaute, Rolf Losnegård og Henning Rivedal: *Dalsfjordboka*. 1999.
- Losnegård, Ove: *Gallefoss, 126/1 i Guddal i Fjaler. Plan for å setje i stand bygningar i klyngetunet*. 2019.
- Ness, Atle: *Hundre år med "Kloggen"*. 2002.
- Nordeide, Sæbjørg Walaker og Terje Thun: "Kvart menneske som døyr skal me føra til kyrkja og grava i heilag jord". I *Fjaler 2015*. 2015.
- Nordrumshaugen, Stig: *Fjaler kommune, Flekke gbnr 92/1. Istandsetjing av jordkjellar*. Rapport 2019.
- Nordrumshaugen, Stig: *Fjaler kommune, Gallefoss gnr. 126 bnr. 1. Synfaring 14.08.2018*.
- Nordstrand, Ingemar: *Postvegen Bergen–Trondheim*. 1996.
- Nordstrand, Leiv: "Lys og kraft til bygdens behov..." *Kraftforsyninga i Sogn og Fjordane 1893–1993*. 1993.
- Paulsen, Åshild: Nikka Vonen. I *Norsk Biografisk Leksikon*. 2009.
- Rudsengen, Anne og Terje Kallekleiv: *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Fjaler kommune. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport 22*. Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi. 1991.
- Røthe, Gunhild: *Skjøtselsplan for slåttemarka Nittergarden*. 2018.
- Sigurðsson, Jon Viðar, Berit Gjerland og Gaute Losnegård: *Ingólfr. Norsk-islandsk hopehav 870–1536*. 2005.
- Skår, Øystein og Heming Hagen: *Arkeologisk registrering på Lutelandet 2008, Fjaler kommune. Kulturhistorisk publikasjon nr. 1*. 2008.
- Tellefsen, Morten: *Arkeologisk registrering på Lutelandet 2009, Fjaler kommune. Kulturhistorisk publikasjon nr. 2*. 2009.

### *Nettstader*

- Asnes.com (<https://www.asnes.com/om-asnes/>)
- Dokumentasjonsprosjektet ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no))
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ([www.fylkesarkivet.no](http://www.fylkesarkivet.no))
- Fylkesatlas ([www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no))
- jakobsande.no
- Kulturminnesøk (<https://kulturminnesok.no>)

## Register

Aurevågen, båtbyggeri	30	Guddal kyrkje/kyrkjestad	10, 16, 19, 20
Bakkejekta	6, 30	Guddal kyrkjegard, krigsgrav/ minnestein	34
Bekker, Christian	22	Guddal, myrkyrkjegard	17, 19, 37, 38
Bjerga, prestegard	11, 21, 38	Guddal skule	31
Bjordal, gravfunn	15	Hauge, gravrøys	15
Borgen/Lassedammen, gammal strandsitjartomt	38	Heggheim, privat samling	27
Båtehammaren, røys av ballaststein	29	Heggheim skule	31
Dale folkebad	32, 38	Hellebost, særmerkt bygning	22
Dale, gamle kommunehuset	32, 38	Hellevik, bedehuskapell	20
Dale, gamleskulen	30, 31, 38	Holstad, kystlynghei	25
Dale, gravfunn	15	Hovland, bedehus	20
Dale kyrkje/kyrkjestad	10, 16, 19, 38	Hovland og Rakneberg tønnefabrikk	24
Dale kyrkjegard, minnestøtte over falne under andre verdskrigen	34	Hovlandsdal, gravfunn	15
Dale skofabrikk (Kloggen)	12, 13, 24, 37, 38	Hovlandsdalsstølen, fjellstøl og beitevollar	25
Dalsfjorden Spelemannslag	35	Huseklepp, einerhage	25
Dalstunet	38	Hålandsbrua	27
Daniel Oliver Boredriusson, historieforteljar	35	Hålandsfossen, kraftverk	12, 28
Den trondhjemske postvegen	27, 37, 38	Ingolf Arnarson	10, 18
Dingemoen, gravhaugar	15	Jensbua, sjøbu og kystkultursenter	28, 35, 37
Dingemoen skule	31	Jubelhornet, visegruppe	35
Dingsøy skule	31	Klenevåg, strandeng	25
Eikevika, fråflytta gard	27	Klokkargarden	8, 9, 21, 37, 38
Einingsneset, gravminne	10, 14, 37	Korssundet, gravrøys	13
Espenes, slått- og beitebakke	25	Korssundet, handelsstad	11, 29, 30, 37
Fagervik, herskaps hus	4, 23, 37	Korssundkrossen	7, 10, 16, 37
Falchs pensjonatskule	11, 32	Lammetun batteri (kystfort)	12, 33
Flekkje, jordkjellar	25	Lammetun, eng- og beitebakkar	25
Folkestad, bedehuskapell	20	Lammetun, gravrøyser	10, 14
Folkestad, nothengje	29	Landmark, Marie og Barbro	23
Folkestad, steinmura naust	5	Landmark, Nils	11, 22
Framtun, grendahus på Våge	32	Lea, Erik Grant	23
Fredensborg, gravstad	7, 8, 22, 37	Leitet, butikk	8, 29, 37
Fuglevatn, fråflytta gard	18, 27	Leitet, husstelskule	23, 31
Fure, gravminne	10, 14, 15, 16	Lillingstonheimen	8, 22, 23, 28, 37
Fure, torvmyr	25	Livra, heilskapleg kulturlandskap	25
Furenes batteri (kystfort)	12, 33	Lutelandet, skipsvrak	30
Gallefoss bru, særeiga bogebru	37	Lutelandet, steinalderlokalitetar	10, 13, 14
Gallefoss, eldre bygningar	25, 26	Myklebust, gravhaugar	15
Gjølanger, mølle og sag m. m.	23		
Grottehogselva, demning	25		
Grytøyra, hermetikkfabrikk	12		

Nautsund, våtmarkseng	25
Nilsbua, sjøbu	29, 38
Nistadlia, bøkring	30
Nordisk kunstnarsenter	9, 22
Pollaelva, demning	25
Rolvsson, Jens, bondehøgskule	32
Røyrobotnen, fråflytta gard	27
Saga, sagbruk	25
Sande, Jakob	8, 9, 21, 33, 34, 35, 37
Slettelandsstølen, stølsmiljø	26
Solbø, heilskapleg kulturlandskap	25
Steia, gardstun	21, 31, 33
Strand, bøkring	30
Sunndalen, slåttemyr	25
Sætenes, bøkring	30
Sørdalen, gruvedrift	24
Torset, fråflytta gard	27
Tross	11, 31, 32, 38
Trossebryggja	27, 38
Trudvang, ungdomshus i Dale	32
Tuland, gravfunn	15
Tysse/Tysselandet, særprega bygningsmiljø	4, 9, 11, 21, 22, 37, 38
Tyssedal, fattig einerhage	25
Tyssedal, gammalt skulehus	20, 31
Tyssedal, klyngjetun	26
Vardholmen, gravminne	14, 36
Vassdalen, gravfunn	15
Vesle Daniel, statue	34
Vonen, Nikka	11, 21, 31, 33, 35
Vonenhuset	21
Vonheim, ungdomshus i Flekke	32
Våge, heilskapleg kulturlandskap	25
Wilken-bua, tønnefabrikk	24
Yksnebjør, lensmannsgard	21
Yksnebjør, kulturlandskap	25, 38
Yksnebjør nedre, lemstove	38
Yndestad, beitebakke	25
Østenstad, fråflytta gard	11, 27
Åsnes, tidlegare kyrkjestad	10, 16, 19
Åsnes, hagemark og hasselhage	25
Åsnes skifabrikk	8, 12, 24, 28, 37